

**Til medlemmer av kontrollutvalet i Fedje kommune**

Kopi: Ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak og Nordhordland Revisjon IKS

**Innkalling til møte i kontrollutvalet i Fedje kommune****Møtedato:** Onsdag 17.06.2020, kl. 12.00 – ca. 15.00**Møtestad:** Folkebiblioteket, Fedje

Møtet vert halde som eit vanleg møte, men minner om at alle må følge gjeldande tilrådingar, særleg mtp. avstand og handhygiene. Gje ein tilbakemelding dersom det er behov for å vere med gjennom Microsoft Teams.

**Saksliste:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
15/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
16/20	Godkjenning av møteutskrift frå sist møte 27.05.2019
17/20	Skriv og meldingar
18/20	Orientering om aktuelle saker i Fedje kommune
19/20	Orientering om alkoholomsetjing i Fedje kommune i 2019
20/20	Årsmelding og rekneskap Fedje kommune 2019
21/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
22/20	Eventuelt

Innkallinga og sakspapir vert berre sendt elektronisk. Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sine heimesider og i innsynsløysinga:

<http://innsyn.sing.no/Fedje/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=utvalg>

Forfall til møtet må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: [tonje@nordhordland.net](mailto:tonje@nordhordland.net).

Med vennleg helsing

Rune Borgerød  
*Leiar i kontrollutvalet*

Tonje Husum Aarland  
*Kontrollutvalssekretær*



## Fedje kontrollutval

### Saksframlegg til møte 17.06.2020

---

#### 15/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste til møtet 17.06.2020 vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Innkalling og sakliste til møtet 17. juni er godkjend.*

#### 16/20 Godkjenning av møteutskrift frå møtet 27.05.2020

**Saksvedlegg:**

Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 27.05.2020

**Saksopplysingar:**

Møteprotokoll frå førre kontrollutvalsmøtet vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Møteprotokoll frå møtet 27.05.2020 er godkjend.*

#### 17/20 Skriv og meldingar

**Saksopplysingar:**

Ingen skriv og meldingar til møtet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*



## 18/20 Orientering om aktuelle saker i Fedje kommune

### **Saksopplysingar:**

Rådmann og ordfører er invitert til å orientere om aktuelle saker i Fedje kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*

## 19/20 Orientering om alkoholomsetjing i Fedje kommune i 2019

### **Saksopplysingar:**

Det vart stilt spørsmål under eventuelt i førre møte i sak 14/20 om manglar i rapport for alkoholomsetjing i 2019 og avklaringar om det har vore gjennomført riktig rapportering jamfør kommunestyret sine vedtak om tildeling av skjenkeløyve.

Kontrollutvalet har bedt om å få orientering med ei oversikt over alkoholomsetjingstal for dei som har hatt sal eller skjenkeløyve i Fedje kommune i 2019, medrekna Pernillekafeen.

Administrasjonen er beden om å avklare nærare i møtet.

### **Framlegg til vedtak:**

*Ingen framlegg til vedtak.*



## 20/20 Årsmelding og rekneskap Fedje kommune 2019

### Saksvedlegg:

Årsmelding 2019 Fedje kommune

Rekneskap 2019 Fedje kommune

Revisjonsmelding, Nordhordland Revisjon IKS

Revisjonsrapport til årsoppgeret, Nordhordland Revisjon IKS

### Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a) sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein betryggande måte. Revisor sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon vert omtala nærare i kommunelova kapittel 24, og seier mellom anna at revisor skal vurdere om årsrekneskapet er avlagt i samsvar med lov og forskrift.

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak. Kontrollutvalet skal vidare påsjå at dei punkta rekneskapsrevisor peikar på vert retta eller følgt opp, jf. § 3. Frist for å levere revisjonsmelding er etter kommunelova 15. april, men i lov om midlertidige unntak frå bla. Kommunelova er denne fristen utsett til 15. juni, jf. § 5.

Fedje kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS som har revidert og levert revisjonsmelding og revisjonsrapport for 2019.

Framlegg til uttale vert sendt frå sekretariatet til kontrollutvalet for intern gjennomgang. Den vedtekte uttalen vil komme fram av endeleg vedtak i kontrollutvalet og vert vidare sendt til formannskapet og kommunestyret.

Administrasjonen vil i møtet legge fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019 og revisjonen gjennomgår sine merknader frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet vedtek framlegg til uttale med eventuelle endringar.*



## 21/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### **Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet vert oppmoda til å gjennomgå møteprotokollar frå politiske utval.

Møteprotokollane finn ein på kommunen sine heimesider:

<http://innsyn.sing.no/Fedje/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

### **Framlegg til vedtak:**

*Ingen framlegg til vedtak i denne saka.*

## 22/20 Eventuelt

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*



# Fedje kontrollutval

## Møteprotokoll

Møtedato: 27.05.2020, kl. 12.00 – 14.45  
Stad: Folkebiblioteket, Fedje  
Tilstade: Rune Borgerød (leiar), Anna Marit Storemark (nestleiar), Alf Nordseth, Inger Steinsbø og Ørjan Borge (vara for Tangen)  
Forfall: Brit Gunn Tangen  
Innkalla: Rådmann Gjermund Hagesæter  
Revisjon: Janne Eraker, revisjonsjef (NHR), via Microsoft Teams  
Sekretariat: Tonje Husum Aarland, kontrollutvalssekretær (NUI)

---

### 01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### **Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

#### *Framlegg til vedtak:*

*Innkalling og sakliste er godkjend.*

#### **Behandling i møte:**

#### **Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste til møtet vert godkjent.

### 02/20 Godkjenning av møteutskrift frå møtet 19.11.2019

#### **Saksvedlegg:**

Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 19.11.2019

#### **Saksopplysingar:**

Møteprotokoll frå førre kontrollutvalsmøtet vert lagt fram til godkjenning.



Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 19.11.2019 er godkjend.

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 19.11.2019 er godkjent.

**03/20 Skriv og meldingar:**

Saksvedlegg:

- a. KS vedtak 20/20 Referatsaker
- b. KS vedtak 24/20 Søknad om fritak frå kontrollutvalet

Saksopplysingar:

- a. Kontrollutvalet har merka seg i førre møtet protokollen om val av utval, og særskild samansetninga av Ungdomsrådet og varalista til kontrollutvalet. Kontrollutvalet vedtok å be kommunestyret om å vurdere samansetninga av Ungdomsrådet opp mot vedteke føringar, og å vurdere nærare om det skal vere enten personlege vara eller nummerert varaliste i kontrollutvalet, eller ein samansetning av begge deler slik det er no. Kommunestyret vedtok i førre møte om å følgje opp dette i kommunestyremøte i juni.
- b. Beate Hop Ophaug har søkt og fått vedtak om permisjon frå kontrollutvalet ut perioden. Vara Brit Gunn Tangen går inn som fast medlem, og Ørjan Borge er vald som vara.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjennomgjekk skriv og meldingar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.



## 04/20 Orientering om aktuelle saker i Fedje kommune

### Saksopplysingar:

Ordfører og rådmann er invitert med i møtet og vil orientere om aktuelle saker i Fedje kommune. Det er særleg etterspurd informasjon om kommunal kriseleiing mtp. unntakssituasjonen dei siste månadene grunna Covid-19.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering*

### Behandling i møte:

Rådmann orienterte om kommunal kriseleiing, som består av rådmannsgruppa (rådmann, personalsjef, helse- og omsorgsjef, teknisk sjef og økonomisjef) saman med ordfører og kommuneoverlege, samt sjukeheimsbestyrarar. Rektor har også vore med på møtet, og har elles hatt mye kontakt med andre aktuelle avdelingar.

Det har vore hyppig møter i starten av unntakssituasjonen, og ein har framleis vekentlege møter. Fokuset har vore på å ha oversikt over situasjonen, forberede seg på det verste og bygge opp gode rutiner for smittevern og innkjøp av materiell til dette. Smittevernslege har vore sentral i dette. Det er mellom anna sett av ein leilighet ved sjukeheimen og ved Fabrik nr. 8, dersom det er behov for at nokon må isolerast.

Det er vidare fokus på kommunikasjon ut, og ordfører har vore talsperson og sentral i dette.

Det har vore gode drøftingar kring tiltaka nasjonalt og lokal tilpassning, og alle nasjonale råd og retningslinjer er følgd i Fedje kommune. I ettertid er ein nøgd med dei vala som vart gjort, men det finnes ingen fasitsvar på dette. Det er sårbare og utsette grupper på Fedje, og ein har hatt strenge reglar for besøkande på sjukeheimen.

Det er fortsatt smittefare, og ein prøver å vere forberedt så godt ein kan framover. Av alle som har vore testa på Fedje, har ingen påvist smitte av Covid-19. Det planleggast for å kunne teste fleire framover, og ein førebur seg på å måtte omstille seg raskt dersom situasjonen endrer seg.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.





## 05/20 Orientering om endringar i organisasjonen

### **Saksopplysingar:**

Det er vore gjort nokre endringar i organisasjonen, mellom anna om rollefordeling og nytilsetting.

Rådmann Gjermund Hagesæter vil i møtet orientere om endringane.

### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

### **Behandling i møte:**

Rådmann orienterte om endringar i organisasjonen. Det er mellom anna;

- Nedjustering av stillingsprosent for bibliotekarstillinga
- Nytilsetting i stilling som samfunnsplanleggar
- Reduksjon i stillingsprosent for teknisk sjef
- Omdelegering av funksjon som avløysar for rådmann

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## 06/20 Rutinar ved habilitetsvurdering – inngåing av avtalar og ved tilsetting

### **Saksvedlegg:**

Saksvedlegg vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysingar:**

Forvaltningsloven kapittel 2 omhandlar krava om habilitet. Kommunar bør ha rutinar for vurdering av habilitet og alternative løysingar for sakshandsaming ved habilitet.

Rådmann Gjermund Hagesæter vil i møte orientere om rutinar for habilitetsvurdering, med særleg fokus på inngåing av kommunale avtalar og ved tilsetting i kommunen, og svare på spørsmål knytt til aktuelle saker kring dette.

### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*



**Behandling i møte:**

Rådmann orienterte om habilitetsvurderingane kring tilsetting, og peika på lovkrava og prosessen rundt intervju og tilsettinga av samfunnsplanleggar. Det har vore fokus på å ha ryddige rutinar kring dette, og rådmann vurderer at desse har fungert. Kontrollutvalet stilte spørsmål om vurderingane kring forvaltningslova § 6 tredje ledd (om avleda inhabilitet) og rådmann svarte på vurderingane som vart gjort. Tillitsvald har vore inkludert i prosessen.

Det var vidare orientert om habilitetsvurderingane kring avtale mellom Fedje kommune v/kulturskulen og Gunnarson revy og regi. Kontrollutvalet stilte spørsmål om dei etiske vurderingane bak dette, og om dette kan tolkast som ei prinsipiell sak som burde ha vore oppe i formannskapet eller kommunestyret. Rådmann vil undersøke nærare korleis handtering av slike avtalar kan gjerast på ein meir tillitsvekkande måte framover.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber kommunestyret om å vurdere å revidere etisk reglement der ein trekk inn rutiner for handtering av private avtalar mellom kommunen og tilsette i kommunen.

**07/20 Tilsynsrapport om nasjonale prøver, Fylkesmannen i Vestland**

**Saksvedlegg:**

Tilsynsrapport – Gjennomføring av nasjonale prøver Fedje kommune, Fylkesmannen i Vestland

**Saksopplysingar:**

Fylkesmannen i Vestland har gjennomført tilsyn med Fedje kommune si gjennomføring av nasjonale prøver 2019. Føremålet med tilsynet er å styrka skulen si gjennomføring av dei nasjonale prøvene.

Tema for tilsynet er:

1. Kommunen si gjennomføring av nasjonale prøver
2. Skulen si påmelding av elevane til prøvene
3. Skulen sin fritakspraksis sett i relasjon til lovkrava
4. Skulen sin praksis ved fråvær frå prøvene
5. Skulen og skuleeigar sin praksis for oppfølging av prøvene.

Fedje kommune følgjer dei fleste lovkrava, men har fått eit pålegg om retting. Tilsynet vert avslutta når pålegget er retta, og fristen til dette har vore 30. mars 2020.



Rådmannen vil i møtet orientere om oppfølging dette tilsynet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

**Behandling i møte:**

Rådmann orienterte om oppfølging av tilsynet og dei lukka avvika.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## **08/20 Orientering om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport**

**Saksvedlegg:**

KS-vedtak 16/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjon post og innsyn

KU-vedtak 05/19 Forvaltningsrevisjonsrapport – Offentlegheit og innsyn, Fedje kommune

Forvaltningsrevisjonsrapport Offentlegheit og innsyn, Nordhordland Revisjon IKS

**Saksopplysingar:**

Forvaltningsrevisjonsprosjekt om offentlegheit og innsyn var bestilt av kontrollutvalet i 2018, jamfør plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Rapporten vart handsama i kontrollutvalet i sak 05/19 i mars 2019, med innstilling til vedtak i kommunestyret om å slutte seg til tilrådingane og be rådmannen følge desse opp.

Rapporten vart handsama i kommunestyret i sak 021/19 i april 2019, og tilrådingane som vart peika på i rapporten er følgd opp av administrasjonen og orientert om i kommunestyret i mars 2020.

Administrasjonen vil orientere om oppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapporten i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*



Behandling i møte:

Rådmann orienterte om oppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapporten.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## **09/20 Forvaltningsrevisjon – prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering**

Saksvedlegg:

Framlegg til prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering, NHR/NUI

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, samt kommunen sine eigarskap, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4 om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vedlagt er framlegg til prosjektplan for arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering. Prosjektplanen er utarbeida av kontrollutvalssekretariatet saman med Nordhordland Revisjon IKS (NHR).

Føremålet med risiko- og vesentlegvurdering er å identifisere aktuelle områder for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll. Det vert lagt opp til ein involverande prosess som inkluderer politisk og administrativt nivå, i tillegg til drøftingane i og innspela frå kontrollutvalet. Tidslinja vert tilpassa oppdatert møteplan for kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.*

Behandling i møte:

Sekretariatet orienterte om prosjektplanen og prosessen for risiko- og vesentlegvurdering, og peika på tidlegare planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det vert fokus på å inkludere politisk og administrativ leiinga i prosessen, i tillegg til gjennomgangen av skriftlege data som KOSTRA-tal og kommunale planar.



**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.

**10/20 Kontrollrapport skatteoppkrevjarfunksjonen**

**Saksvedlegg:**

Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjaren for Fedje kommune, Skatteetaten

**Saksopplysingar:**

Skatteetaten har kontrollmynde ovanfor skatteoppkrevjaren, og mottek årsrekneskapen og årsrapporten frå skatteoppkrevjaren. Kontrollutvalet får kopi av kontrollrapporten som går til kommunen til orientering.

Dette er siste året kommunen og kontrollutvalet vil motta kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen, grunna overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek kontrollrapporten til orientering.*

**Behandling i møte:**

Rådmann orienterte om skatteoppkrevjarfunksjonen og avtalen med Austrheim kommune.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek kontrollrapporten til orientering.

**11/20 Medlemsskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

**Saksvedlegg:**

Invitasjon til medlemsskap i FKT, Infoskriv og Vedtekter for FKT



**Saksopplysingar:**

Fedje kontrollutval har fått invitasjon til å bli medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). FKT er ein bransjeuavhengig organisasjon der kontrollutvala er direkte representert, og har som formål å vere ein møte- og kompetanseplass for menneske som arbeider med kontroll og tilsynsfunksjon i kommunar, Sametinget og fylkeskommunar. Styret i FKT er samansett med lik fordeling av politiske kontrollutvalsrepresentantar og sekretariat.

Fedje kommune fallar innunder årleg kontigentsats for kommunar med mellom 0 – 5 000 innbyggjarar, som for 2020 er kr 3 500.

**Framlegg til vedtak:**

*Ingen framlegg til vedtak i denne saka.*

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalet drøfta medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek å ikkje melde seg inn i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

## **12/20 Møteplan for kontrollutvalet i 2020**

**Saksopplysingar:**

Forslag til møteplan for kontrollutvalet framover vert lagt fram og drøfta i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet vedtek møteplanen med møtedatoane:*

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalet gjennomgjekk møteplanen for hausten 2020 og vart enige om å ha eit ekstrasemje i juni, samt to semjer i løpet av hausten.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek møteplanen med møtedatoane: 17. juni, 9. september og 18. november.



## 13/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### **Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet vert oppmoda til å gjennomgå møteprotokollar frå politiske utval.

### **Framlegg til vedtak:**

*Ingen framlegg til vedtak i denne saka.*

### **Behandling i møte:**

Kontrollutvalet ønskjer å få kopi av innkalling og protokollar frå politiske utval.

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknader til saka.

## 14/20 Eventuelt

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*

### **Behandling i møte:**

- Spørsmål om skjenkeløyve  
I rapport om alkoholomsetning for 2019 kan ein ikkje sjå at alle som har hatt skjenking av alkohol har rapportert. Kontrollutvalet har spørsmål om oversikt over omsetningstala for dei som har hatt sal eller skjenkeløyve i Fedje kommune i 2019, medrekna Pernillekafeen.

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om å få orientering til neste møte med ei oversikt over alkoholomsetningstal for dei som har hatt sal eller skjenkeløyve i Fedje kommune i 2019, medrekna Pernillekafeen, og om det har vore gjennomført riktig rapportering for dette, jf. kommunestyret sine vedtak om tildeling av skjenkeløyve.



**Neste møte:**

Onsdag 17. juni 2020.

Fedje, 27.05.2020

  
Rune Borgerød  
Leiar i kontrollutvalet

  
Tonje Husum Aarland  
Kontrollutvalssekretær